

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Tid: 05.03.18, kl 11.30

Stad: Kjevikdalen

Desse representantane møtte:

| | |
|-------------|---|
| Austrheim: | Hardy Pedersen, Gro Kaland |
| Fedje: | Ingmar Stuberg, Tonje Sulen Gullaksen |
| Gulen: | Lars Atle Larsen, Arnhild Kjellevoid |
| Lindås: | Leidulv Brunborg, Nina Stabell Øvreås, Karl Vågstøl |
| Masfjorden: | Egil Kvingedal, Ragnvald Tangedal |
| Meland: | Mabel Ingeborg Johansen |
| Modalen: | Liv-Anne Aanesen (leiar) |
| Radøy: | Torill Helland, Leif Taule |
| Solund: | Linne Lending |

Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Ragnhild Tykhelle Langøy, og Martin Soltveit

Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar), Erlend Kleiveland (økonomisjef) og Hilde Lysø (seniorrådgjevar, ref.)

Sakliste:

| | |
|-----------|--|
| Sak 01/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| Sak 02/18 | Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll |
| Sak 03/18 | Meldingar |
| | a) Diverse munnleg orientering |
| | b) Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi |

Møtet starta med mat, og deretter namneoppprop.

Liv-Anne Aanesen leia møtet.

Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak02/18 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Framlegg i møtet:

Nina Stabell Øvreås og Linne Lending skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

Sak 03/18 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

Tilsettrepresentant i NGIR sitt styre

Bjørn Berg orienterte om at eit fleirtal av dei tilsette i NGIR har støtta eit krav om å få ein tilsettrepresentant (med vara) i NGIR sitt styre. Kravet er heimla i "Forskrift om de ansattes rett til representasjon i styret i interkommunale selskaper mv.". Dette er ein prosess som har gått føre seg i lengre tid, og er ikkje utløyst av einskildsaker (som t.d. RenoNorden-konkursen, og om innsamling av avfall i framtida skal skje i eigenregi eller setjast ut på anbod). Det vil i løpet av våren 2018 verta gjennomført val av tilsettere representant.

Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring

Leif Taule spurde om kva som var status for arbeidet med endring av NGIR sine vedtekter før Lindås, Meland og Radøy kommunar vert slått saman til Alver kommune (med verknad frå 01.01.2020). Hilde Lysø viste til referat frå representantskapsmøtet 13.11.17:

”Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

I samband med samanslåinga av kommunane Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune, med verknad frå 01.01.2020, er det naudsynt å gjera endringar i NGIR sine vedtekter (selskapsavtale). Dei aktuelle vedtektsendringane må godkjennast av alle NGIR sine eigarkommunar (og Fellesnemnda for den nye kommunen), og NGIR inviterer difor til eit samarbeid om prosessen fram mot dette. Då slike prosessar tek tid, føreslår NGIR at det så snart som råd vert oppretta ei arbeidsgruppe for dette, med NGIR som sekretær. Alle eigarkommunane i NGIR vert oppmoda om å oppnemna ein representant til ei slik arbeidsgruppe, og å melda tilbake til NGIR innan 15.01.18 om kven som vert kommunen sin representant. Det kan vera tenleg at ein av kommunen sine medlemmar i NGIR sitt representantskap vert medlem i ei slik arbeidsgruppe. Kommunane Lindås, Meland og Radøy avgjer arbeidsdelinga mellom dei eksisterande kommunane og Fellesnemnda for den nye kommunen.

Leif Hosøy Sleire (som sit i Fellesnemnda, saman med Nina Stabell Øvreås) informerte om arbeidet Fellesnemnda skal gjera med omsyn til dei ulike interkommunale samarbeid kommunane i dag tek del i, og refererte m.a. til Styringsdokumentet for gjennomføring av kommunesamanslåinga:

9.2.3 Interkommunalt samarbeid og eigarskap

Dei eksisterande kommunane har fleire avtaler om interkommunalt samarbeid og har eigarskap i fleire IKS'ar og AS'ar. Dei tre gamle kommunane må seie desse opp og fellesnemnda må om ønskjeleg erstatte dei med nye avtaler. Nye vedtekter må vedtakast. Hovudprosjektet får ansvar for

- Kartlegging av alle avtaler, vedtekter og eigarskap som kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Utarbeide forslag for strategi for arbeidet med endring i interkommunalt samarbeid og eigarskap. Kva avtaler ein skal avvikla og kva avtaler ein skal vidareføra.
- Initiere oppseiingar og reforhandlingar av avtaler og initiere endringar i vedtekter, inkludert dei økonomiske forpliktingane knytt til avtalene.
- Utarbeide eigarskapsstrategi form av ei eigarmelding.

På bakgrunn av dette sette Leif Hosøy Sleire fram utsetjingsframlegg:

Handsaming av Sak 12/17 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring vert utsett til representantskapsmøtet i mai 2018.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.”

I den påfølgjande debatten kom det fram at referatet frå førre representantskapsmøte *ikkje* er sendt ut til dei som skal ha det, og administrasjonen i NGIR beklagar dette.

Leif Taule (som ikkje var til stades på representantskapsmøtet 13.11.17) uttrykte sterk bekymring for at prosessen med vedtektsendring ikkje var kome i gong enno. Han fryktar at det kan verta mykje usemje kring spørsmålet om framtidig representasjonen frå dei einskilde eigarkommunane i NGIR, og at det difor vil ta tid å verta einige om nye vedtekter som alle kommunestyra vil vedta. Han gav uttrykk for at han meiner at NGIR er eit godt døme på eit vellukka interkommunalt samarbeid, som ein ikkje må risikera å mista. Han peika på at ein i verste fall kan enda opp med at den nye Alver kommune *ikkje* er deltakar i NGIR viss ein ikkje har vorte samde om nye vedtekter i god tid før 01.01.2020. Det vart ein del diskusjon kring desse problemstillingane, og kva ein evt. kunne gjera for å få sett i gong arbeidet med vedtektene no. Konklusjonen var at representantskapet ikkje kan gjera om på utsetjingsvedtaket frå førre møte (då dette ikkje var sett opp som sak til dagens møte), men at dei einskilde representantskapsmedlemmene kan ta saka opp i høvelege fora i sine respektive kommunar, slik at ein er budd på å gjera vedtak når invitasjonen frå NGIR om å delta i ei felles arbeidsgruppe venteleg kjem etter representantskapsmøtet i slutten av mai.

b) Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi

Spørsmålet om *Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi* var i innkallinga til representantskapsmøtet sett opp som orienteringssak, basert på styret sitt vedtak i styresak 04/18:

"NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018."

Etter at administrasjonen hjå NGIR hadde sendt ut innkallinga til representantskapsmøtet, der saksutgreiinga til styresak 04/18 og protokoll frå styremøtet 22.01.18 var lagt ved, sende representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen ut eposten under, med vedlegg:

Emne: Informasjon vedkommande representantskapsmøtet i NGIR 5. mars 2018

Til medlemmene i representantskapet i NGIR og eigarkommunane v/ordførarar

Det har komme tilbakemeldingar på innkallinga til representantskapsmøtet 5. mars som vart sendt ut 29. januar. I samråd med administrasjonen og styret i NGIR sender eg derfor no ut eit skriv som kan bidra til å avklare dei spørsmåla som er tatt opp. Fleire kommunar har saka vedkommande driftsform i NGIR på dagsorden i formannskaps-/kommunestyremøte no i februar, og eg oppmodar om at dette skrivet vert tatt med som bakgrunnsinformasjon når spørsmålet vert drøfta.

Viss de har andre spørsmål som bør avklarast før representantskapsmøtet 5. mars, ber eg dykk ta kontakt.

Med vennleg helsing
Liv-Anne Aanesen
Representantskapsleiar NGIR

Denne e-posten går som kopi til varamedlemmene i representantskapet, postmottaket i eigarkommunane, adm. og styret i NGIR og varamedlemmer til styret til orientering.

Medlemmer i NGIR sitt representantskap

Ordførarar i NGIR sine eigarkommunar

Styret i NGIR

Informasjon vedk. representantskapsmøtet hjå NGIR 05.03.18

Eg viser til utsendt innkalling og sakspapir til representantskapsmøtet 05.03.18.

På representantskapsmøtet 13.11.17 drøfta representantskapet problemstillingane etter RenoNorden-konkursen og spørsmålet om oppdraget med innsamling av avfall med komprimatorbil skulle setjast ut att på anbod, eller om NGIR i framtida skulle utføra denne delen av tenesta i eigenregi. Spørsmålet om kva organ som har mynde til å avgjera dette vart ikkje inngåande drøfta, men det verka å vera ei oppfatning i representantskapet at det var representantskapet som skulle ta den endelege avgjersla, og det vart avtalt å ha eit ekstraordinært representantskapsmøte i februar/mars. I mellomtida har NGIR sitt styre handsama saka, og dei har fatta det vedtaket som er sendt ut saman med innkallinga til det komande representantskapsmøtet. Styret argumenterer i vedtaket for at det er dei som skal ta den endelege avgjersla om innsamling av avfall med komprimatorbil skal skje i eigenregi eller setjast ut att på anbod, i tråd med det som tidlegare har vore praksis i selskapet:

"NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018."

Til møtet 05.03.18 vil eg på bakgrunn av dette be representantskapsmedlemmene om særleg å bu seg på å drøfta, og ta stilling til, om dei kan støtta styret sitt syn om at det er dei som til slutt avgjer denne saka. Etter samtale med styret, har eg fått avklart at setninga "Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet" **ikkje** må oppfattast som at styret ikkje er interessert i å høyra eigarane/representantskapet sitt syn i denne særskilte saka.

Styreleiar seier at han meiner det er naturleg at heile styret er til stades på det komande representantskapsmøtet, for å lytta til synspunkt og argument som vert presentert der. Styret vil så ta dette med i vurderinga når dei, etter planen, skal ta endeleg avgjersle i saka i løpet av 2. halvår 2018.

Viss konklusjonen i representantskapet likevel vert at representantskapet ikkje finn å kunne gje styret tillit til å ta den endelege avgjersla i denne saka, men meiner at val av driftsform for denne delen av renovasjonstenesta ligg utanfor styret sitt mynde, så må representantskapsmedlemmene vera budd på å realitetsbehandla spørsmålet om driftsform i møtet. I så fall må ein leggja til grunn at saksutgreiinga frå administrasjonen, som var vedlagt innkallinga til representantskapsmøtet 05.03.2018 (PDF-fila «Innsamling av avfall - På anbod eller i eigenregi – samla»), er tilstrekkeleg til å behandla dette spørsmålet no.

Det har vorte stilt spørsmål ved om eigarane (kommunestyra) har rett til å instruera sine representantsskapsmedlemmer, viss dei ynskjer det. Det er avklart at eigarane har slik instruksjonsrett, jf. § 7 i Lov om interkommunale selskap (fet skrift), og kommentarar frå Ot.prp. nr 53 (1997-98) (sjå særleg avsnittet som er merka med gult):

§ 7 Representantskapets myndighet

Deltakerne utøver sin myndighet i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er selskapets øverste myndighet og behandler selskapets regnskap, budsjett og økonomiplan og andre saker som etter loven eller selskapsavtalen skal behandles i representantskapet. Det kan fastsettes i selskapsavtalen at visse arter saker som ellers vil høre under styret, jf § 13, må godkjennes av representantskapet. Slik bestemmelse kan bare gjøres gjeldende overfor en tredjeperson når bestemmelsen er registrert i Foretaksregisteret, eller når tredjepersonen kjente eller burde kjent bestemmelsen.

Første ledd første punktum fastslår at deltakerne utøver sin myndighet i selskapet gjennom representantskapet. Bestemmelsen innebærer at deltakerkommunene på grunnlag av deltakerforholdet ikke kan utøve noen myndighet i selskapet på annen måte enn gjennom sine representanter i representantskapsmøter.

Første ledd annet punktum fastslår at representantskapet er selskapets øverste myndighet. Innenfor sitt myndighetsområde har representantskapet i kraft av sin stilling som selskapets øverste myndighet instruksjons- og omgjøringsmyndighet overfor andre selskapsorganer. Omgjøringsadgangen gjelder bare så langt selskapet ikke er bundet overfor tredjeperson.

Representantskapsmedlemmene representerer sine respektive kommuner og fylkeskommuner i selskapsforholdet. Vedkommende (fylkes)kommune har instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet. Dette innebærer at flertallet i kommunestyret/fylkestinget eller det organ som har fått myndighet til det, kan gi sine representanter instruks om stemmegivningen i representantskapet. Dette vil også gjelde hvor deltakerens representanter er valgt ved forholdsvalg. Der det ikke foreligger noen instruks, er det opp til representantskapsmedlemmene å stemme etter sin egen vurdering i de konkrete saker som er til behandling innen rammen av lov, selskapsavtale og alminnelige krav til lojalitet mot selskapet og den kommune eller fylkeskommune vedkommende representerer.

Representantskapet skal behandle de saker som loven pålegger det å behandle (f.eks. velge styre, vedta budsjett, økonomiplan, regnskap eller saker etter § 25). I tillegg kan det være bestemt i selskapsavtalen at enkelte typer av saker skal behandles av representantskapet. At organet er selskapets øverste myndighet, innebærer også at organet kan ta opp og fatte vedtak i alle saker som angår selskapet - under forutsetning av at det ikke dreier seg om saker der andre har eksklusiv myndighet.

Annet ledd fastslår at i tillegg til representantskapets faste oppgaver kan deltakerne avtale at visse sakstyper skal godkjennes av representantskapet. Dette vil være aktuelt for forvaltningssaker som etter utkastet § 13 eller andre særlige lovbestemmelser hører under styret. Det følger av *annet punktum* at manglende godkjennelse bare kan påberopes overfor en tredjeperson når vedtektsbestemmelsen om godkjennelse er registrert i Foretaksregisteret eller tredjepersonen kjente eller burde kjent avtalebestemmelsen.

Eg vonar dette er oppklarande, og ber dykk ta kontakt viss de har andre spørsmål som bør avklarast før representantskapsmøtet 05.03.18.

Liv-Anne Aanesen

Representantskapsleiar NGIR

Liv-Anne Aanesen orienterte om sakspapir og e-postar som var sendt før møtet. Ho føreslo at representantskapet først drøfta synspunkt på om innsamling av avfall hjå NGIR skal skje i eigenregi eller etter anbod, då styret uansett ynskjer å høyra representantskapet sitt syn på dette, for så å ta diskusjonen om det er representantskapet eller styret som skal ta den endelege avgjersla i dette spørsmålet. Det var semje om at representantskapet, med grunnlag i det utsendte materialet, i møtet både kunne drøfta synspunkt på – og evt. gjera vedtak om – spørsmålet om eigenregi/anbod, og spørsmålet om kva organ som skal ta den endelege avgjersla i saka.

Helge Fjellanger gjorde greie for kva som har skjedd i tida etter representantskapsmøtet i november, inkl. orienteringar som han m.fl. har hatt om saka i ulike formannskap og kommunestyre, og i Regionrådet. Han gjorde og greie for styret sitt syn på at det er styret – og ikkje representantskapet – som er ansvarleg for organiseringa av selskapet, og at det er viktig å få avklart at styret har tillit frå representantskapet til å gjera dette.

Bjørn Berg ynskja å avdramatisera det faktum at dagleg leiar og styret har konkludert ulikt m.o.t. om avfallsinnsamlinga bør skje i eigenregi eller etter anbod. Han understreka at saka er kompleks, og at han hadde tvilt seg fram til så vidt å landa på å tilrå eigenregi. Han peika på at det viktigaste for han er å vera viss på at NGIR vil vera i stand til å gjennomføra begge alternativa.

Erlend Kleiveland orienterte om kva løysingar andre avfallsselskap har valt etter RenoNorden-konkursen. Han gjorde og greie for erfaringane NGIR har gjort fram til no m.o.t. økonomien ved mellombels å drifta innsamlinga i eigenregi. Totalt sett har kostnadene lagt ca 7 % over det som vart stipulert i desember, men kostnadene er på veg ned, og han har tru på at det på litt sikt vil vera mogleg å enda på om lag dei stipulerte kostnadene.

Etter orienteringane brukte representantskapet god tid på å drøfta ulike synspunkt kring problemstillingane, og både administrasjonen og styret svarte på ytterlegare spørsmål. Ingen av representantskapsmedlemmene hadde fått bundne mandat frå sine eigarkommunar.

Det vart argumentert både for at innsamling av avfall hjå NGIR i framtida bør skje i eigenregi, og for at det bør setjast ut att på anbod. Argumenta var for ein stor del knytt til dei momenta som var drøfta i saksutgreiinga frå administrasjonen, men med ulik vekting av desse. Ut over dette vart det m.a. argumentert med at å setja avfallsinnsamlinga ut på anbod no hadde vist seg å vera risikabelt, og at representantskapet ikkje måtte tillate eit slikt sjansespel. Andre hevda at det var å trekka det litt langt å kalla dette eit sjansespel, og viste til at administrasjonen hjå NGIR hadde takla situasjonen både før og etter RenoNorden-konkursen på ein særskild god måte.

Deretter gjekk representantskapet over til debatten om kva organ (styret eller representantskapet) som skal ta den endeleg avgjersla i denne saka. Også her vart det argumentert for ulike synspunkt. Dei som meinte at det er styret som bør avgjera dette, peika m.a. på at det er styret som i neste omgong er ansvarleg for resultatane, og at det er styret som er tettast på drifta i selskapet, og difor er best skikka til å vurdera føremonn og ulemper ved ulike løysingar. Det vart stilt spørsmål ved kva som evt. er prinsipielt annleis med innsamlinga av (denne delen av) avfallet, samanlikna med andre tenester som NGIR har ansvar for, som skulle tilseia at representantskapet skulle gjera spesifikke vedtak knytt til drifta av akkurat dette. Nokre meinte at representantskapet må avgjera korleis organiseringa av innsamlinga av avfall skal vera, då dette er ein lovpålagt del av tenesta som NGIR utførar. Andre viste til at det finst fleire delar av NGIR sine tenester som og er lovpålagde, utan at representantskapet involverar seg i korleis drifta av dei er organisert. Blant dei som meinte at dette var ei sak som representantskapet burde avgjera, vart det m.a. argumentert med at eigarane må ha høve til å påverka i saker dei meiner er viktige, og at representantskapet alltid må ha høve til å instruera styret. Det var ulike syn på om ei slik instruering i dette tilfellet ville vera å sjå på som mistillit til styret. Det vart hevda at viss representantskapet ikkje var nøgd med korleis styret organiserer drifta av NGIR, så må representantskapet løysa dette ved å skifta ut styret.

Leidulv Brunborg kom med følgjande framlegg, som han bad om at det vart røysta over:

Representantskapet skal gjera endeleg vedtak om innsamlinga av avfall skal skje i eigenregi eller etter anbod.

Det vart gjennomført røysting, og framlegget fekk 7 stemmer.

Møteleiar bad deretter om røysting m.o.t. kven som kunne støtta styret sitt syn, jf. styret sitt vedtak i styresak 04/18:

"NGIR har ei rekkje område der det er valt anten anbod eller eigenregi, og i somme er driftsforma delt. Somme av desse områda har fått endra driftsform undervegs – i tråd med slik adm. og styret har funne det føremålstenleg til beste for abonnentane. At Representantskapet skal gjere vedtak vedkomande eitt av mange driftsområde, finn styret både prinsipielt feil og lite hensiktsmessig.

Styret i NGIR meiner at val av driftsform for ulike delar av selskapets verksemd, ligg til styret og administrasjonen, og er ikkje saker for Representantskapet.

Styret i NGIR meiner at det framleis er tungtvegande argument FOR anbod når det gjeld innhenting av avfall med komprimatorbil. Det vil dessutan i praksis vere ei irreversibel avgjerd i svært lang tid dersom ein skulle velje å operere denne drifta i eigenregi, med m.a. fleire tilsette, store investeringsbehov og meir administrasjon.


1
2

Styret i NGIR ønskjer at anbod på innhenting av avfall skal førebuast vidare, men at ein ikkje treng å utlyse før tidlegast etter sommaren 2018. Dermed kan ein få noko meir røynsle på drift i eigenregi, og ein kan også undersøkje kva prisar andre selskap oppnår. Styret vil ta endeleg avgjerd i saka i løpet av 2. halvår 2018."


Styret sitt vedtak vart støtta av 9 representantar.

Konklusjonen vart såleis at fleirtalet i representantskapet støttar at styret er ansvarleg for den vidare prosessen og avgjersla m.o.t. om innsamling av avfall hjå NGIR skal skje i eigenregi eller etter anbod.

Kjevikdalen, 05.03.18



Liv-Anne Aanesen
-Representantskapsleiar-



Nina Stabell Øvreås
-Representantskapsmedlem-



Linne Lending
-Representantskapsmedlem-

